

**Helse Fonna HF**  
**Postboks 2170**  
  
**5504 HAUGESUND**

**Service- og fellestenester.**  
**Saksh: Magne Inge Vårvik**  
**Tlf: 53 65 65 21**  
**Dato : 15.05.2018**  
**Vår ref: 18/9445**  
**Dykkar ref:**  
**Arkiv: K2 - C83**

## **Utviklingsplan Helse Fonna HF - Uttale frå Rådet for eldre og funksjonshemma i Vindafjord**

Det vert vist til dykkar skriv datert 09.04.18 med oversending av Utviklingsplan Helse Fonna på høyring.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Vindafjord gav i møte 07.05.18 slik uttale:

*Rådet meiner i utgangspunktet at utviklingsplanen er god.*

*Vindafjord kommune ligg under Helse Fonna med Haugesund sjukehus som lokalsjukehus. Kommunen har eit godt samarbeid med Helse Fonna, og har tatt inn over seg nasjonale prioriteringar og freistar å planleggja for helse- og omsorgstenester i tråd med dette.*

*Når utviklingsplanen for Helse Fonna planlegg fleire utgreiingar utan innlegging samt meir behandling lokalt der pasienten bur, er det bekymringsfylt. Kommunane og spesielt små kommunar slit med å rekruttera fastlegar og anna helsepersonell med rett kompetanse, og med stadig meir oppgåver blir framtidsbilde utfordrande.*

*Grunna lang reiseveg til sjukehus og spesialisthelsetenesta har kommunane i distrikta vore vane med å tilby gode tenester til sine innbyggjarar.*

*Helse Fonna viser til utstrekt bruk av ambulante tenester for å gi eit tilbod til pasientane der dei bur. Rådet for eldre og funksjonshemma meiner dette må oppretthaldast og utviklast, jfr. det gode tilbodet Helse Fonna har lagt til rette for når det gjeld DPS-tilbodet i Vindafjord.*

*Det vert vist til auka digitalisering og ny teknologi, og føretaket vil liggja i front av utviklinga. Fleire kommunar har gitt signal til føretaket at det må innførast telemedisin. Kommunar er klar til å setja telemedisin i bestilling, medan det står på vent på føretaket. For å sleppa lang reiseveg til sjukehus er det eit godt tiltak at pasient og lege kan nytta teknologiske løysingar som gjer at diagnose/behandling kan stillast lokalt.*

Med helsing

for Rådet for eldre og funksjonshemma i Vindafjord

Magne Inge Vårvik  
Seniorrådgjevar politisk sekretariat

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.